

Velkommen til prosjektet Samisk orddatabase

Table of contents

1 Mål.....	2
2 Arbeidsplan.....	2

Warning:

Den tekniske dokumentasjonen er utdatert i høve til resten av prosjektet, og det som står her reflekterer ikkje alltid den noverande statusen. Den tekniske dokumentasjonen vil bli oppdatert etter kvart.

1. Mål

Prosjektet har to hovudmål:

1. å konvertera den eksisterande databasen til Unicode (UTF-8)
2. å setja opp ein portal for den eksisterande databasen (og etterkvart andre med); portalen skal gjera det mogleg både å søkja og (for registrerte brukar) redigera ordboksmateriale og terminologibasar

2. Arbeidsplan

Her fylgjer hovudpunkta i arbeidsplanen:

- Setja opp server med databasemotor og dokumentasjonsrammeverk.
- Skriva ut spesifikasjonar
- Konvertera den eksisterande databasen frå SQL-format til:
 1. termbase for alle postar som har ein emnekode (høgste prioritet)
 2. tospråkleg ordbok for alle andre postar (sekundært)
- Laga ei søkje- og blaside for termbasen (kan brukast om att for andre termbasar)
- Laga ei redigeringsside for termbasen
- Gjera alle vevsidene fleirspråklege, og leggja til språkval på framsida
- Laga ei søkje- og blaside for ordboka (kan brukast om att for andre ordbøker)
- Laga ei redigeringsside for ordboka

Sjå elles [gjere lista](#) for fleire punkt, [ei liste over endringar](#) for dei siste endringane, og [spesifikasjonane](#) for fleire detaljar for kvart punkt.